

NotatDato: 12.10.2017
Arkivsak: 2017/1228-7
Saksbehandlar: hegose1

Til: Torbjørn Mjelstad

Frå: Hege Bugge Gjerdevik Osebakken

Prosjektet "Auka gjennomføring- fleire ut i lære" og nettverksarbeid

Prosjektet «Auka gjennomføring- fleire ut i lære» har som mål at fleire gjennomfører og fullfører læretida.

Eit systematisk arbeid på prosjektskulane, skal sikre ei heilskapleg fag og yrkesopplæring i Hordaland. Det skal utviklast eit tett samarbeid mellom skulane og arbeidslivet. Prosjektet skal utvikle nye måtar å arbeide med ungdomane og deira veg til læreplass. System og metodar som vert utvikla skal kunne implementerast på alle dei yrkesfaglege skulane etter prosjektperioden.

14. mars 2016 underteikna regjeringa og partane i arbeidslivet ein ny samfunnskontrakt. Målet er å sørge for at alle kvalifiserte elevar som ønskjer det, skal få tilbod om læreplass. I avtalen vert det peika på at det må etablerast lokale nettverk og ein må rekruttere fleire lærebedrifter for å skaffe fleire læreplassar. Samarbeidet om fag- og yrkesopplæringa er forankra i trepartsamarbeidet, noko som betyr at samhandling, truverdighet og forplikting vert viktig i prosjektet. Når ein samhandlar med aktørar på utsida av fylkeskommunen må avtalar og retningslinjer vere ei viktig premis.

Prosjektet med dei fem YFK- skulane vil være sentrale i oppbygginga av dei lokale nettverka i Hordaland. Det skal etablerast lokale nettverk som består av tilsette i fylkeskommunen, som har direkte kontakt med eleven, og aktørane som skal ta imot elevane som lærlingar.

Dei yrkesfaglege koordinatorane (YFK) ved dei fem prosjektskulane har starta med systematisering av skulens lokale nettverk. Skulens nettverk har så langt lagt på den enkelte lærar, noko som gjer formidlinga sårbar. Skuleeigar må eige skulens nettverk om ein skal lukkast med ei heilskapleg fag- og yrkesopplæring i Hordaland. Synleggjing av skulens nettverk vil og kunne gjere skulane meir attraktive.

YFK vil være sentral i oppbygginga av dei lokale nettverka for rekruttering av lærebedrifter og sikre gode overgangar til lære for elevar i Hordaland. YFK er i gang med å systematisere skulen sitt lokale nettverk. I tillegg til å få registret skulens nettverk med formaliserte samarbeidsavtalar må det etablerast lokale nettverk på skulane. YFK kan koordinere nettverk saman med skuleleiinga- avdelingsleiarane- faglærarar og partane i arbeidslivet. Opplæringskontor og lærebedrifter innafor dei ulike fagområda er og relevante å trekke inn i nettverket.

Det vil være relevant for eit slikt «formidlings nettverk» å arbeide med plan for YFF, lokal læreplan YFF, formidling av elevar og sist men ikkje minst ei meir forplikting i høve til den enkelte skule.

«Finn lærebedrift» på utdanning.no

Senter for IKT i utdanninga har i samarbeid med fylkeskommunar i landet utarbeida nettstaden «Finn lærebedrift» på utdanning.no. Verktøyet er utvikla i Tromsø som ein del av utdanning.no, på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet.

Verktøyet skal gjere det enklare å få oversikt over og følgje opp potensielle lærebedrifter, og vert eit verkemiddel for å skaffe fleire læreplasser i tråd med måla i samfunnskontrakten for fleire læreplasser. Utanning.no/finn lærebedrift hentar oppdaterte data frå fleire databasar. Bedriftssidene er ei samanstilling av mange ulike registre, slik at ein kan få mykje informasjon samla på ein stad.

- Brønnøysundregistra (namn, adresse, kontaktinfo)
- Aa-registeret (stillingskategorier / kompetanseprofil)
- Vigo (godkjenningar som lærebedrift)

Saman med Nordland fylkeskommune har Senter for IKT i utdanninga utvikla eit verkty for å registrere «Samarbeidsavtaler i faget Yrkesfagleg Fordjuping».

I verktøyet kan ein registrere samarbeidsavtalar mellom skule og bedrift med formål at elever får prøve seg ut i bedrifter tidleg i utdanninga (Vg1 og Vg2).

Avtalane vert synlige på utdanning.no slik at både læraren sjølv og elevene veit om dei. Det er kjent at utplasseringar ofte er eit et springbrett til ein læreplass, og med det eit viktig verkty for å få fleire elevar ut i lære.

Verktøyet er med å skape openheit, tilgjenge og støtte opp om arbeidsprosessar på skulene. Delar av avtalene ligger open på utdanning.no og representerer slik skulens portefølje over samarbeidsbedrifter, som med dette vert uavhengig av enkeltpersonar som måtte slutte verte sjukemeldt, osv.

Vegen vidare

Dersom YFK og dei andre tilsette i skulane og Hordaland fylkeskommune skal kunne nytte dette verktøyet fullt ut, er vi avhengige av at Hordaland fylkeskommune opnar for feide på logging for dette.

Når Hordaland fylkeskommune opnar for feide på logging, vil det være dei tilsette i fylkeskommunane / vidaregåande skular som har tilgang til denne delen av verktøyet.